



KOPI

Elizabeth Warren

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/140 - 17/852

Saksbehandlar:

Alf Magnar Strand

Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no

Dato:

07.02.2017

Søknad om tilskot frå riksantikvaren til kommunal kulturminneplan

Masfjorden kommune søker med dette om tilskot på kr 100000 til arbeidet med kommunal kulturminneplan, jfr. epost frå Hordaland fylkeskommune 6. februar 2017..

Bakgrunn:

Gjeldande kulturminneplan i kommunen er utgått på dato i og med at han er vedteken for perioden 2008-2012. Før me kan laga ein ny plan, må det gjerast eit grunnlagsarbeid med systematisk kartlegging av verneverdige bygningar og andre kulturminne. Slik kartlegging vart ikkje gjort i samband med planen som vart vedteken i 2009. Kommunen søker difor om midlar til å revidera kulturminneplanen og å føra kulturminne inn i Askeladden.

Prosjektplan:

Planarbeidet vil handla om systematisk kartlegging av verneverdige bygningar og andre kulturminne og å få dei registrert i Askeladden. Ein vil prøva å få til lokal medverknad frå grunneigarar og eigarar av verneverdige bygningar, kulturinteresserte personar, frivillige lag m.m. Gjennom kartlegging og lokal medverknad vil me få samla materiale til å kunna laga ein ny kulturminneplan. Planen må sjåast i høve til samfunns- og arealdelen i kommuneplanen. I framlegget til ny planstrategi for Masfjorden kommune 2016 – 2019, som blei vedteken i kommunestyret den 22.09.16, er kulturminneplan føreslått som ein prioritert plan.

Framdriftsplan:

Februar 2017: Kunngjering i media om revidering av kulturminneplan med invitasjon til å komma med innspel

Mars 2017: Folkemøte m.m

Mars – juni 2017: Synfaring, fotografering og kartlegging av kulturminne

Mars– mai 2017: Registrering av kulturminne i Askeladden

Juni – september 2017: Revidera plan

November 2017: Politisk handsaming

Økonomi:

Utgifter vil gå til kunngjering i media, organisering og avvikling av møte, reiseutgifter i samband med

kartlegging og innleigd konsulenthjelp

Budsjett kulturminneplan

Kunngjeringar	25000
Møte, medrekna reiser	25000
Medgått arbeidstid	100000
Konsulenthjelp	150000
Reiseutgifter i samb.med kartlegging	50000

Utgifter i alt **350000**

Finansiering	
Tilskot frå fylkeskommunen	100000
Søknad om midlar frå riksantikvaren	100000
Kommunale midlar	150000

Finansiering i alt **350000**

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Alf Magnar Strand
oppvekstleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Oppstart av arbeidet med kulturminneplan for Masfjorden (L)(46477)

Kopi til:

Elizabeth Warren

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

postboks 7900

5020

BERGEN

KOPPI